

Saksframlegg

Saksbehandlar: Lars Hustveit, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/9222-1

Orienteringssak. Innovasjonsnettverk i sogn og Fjordane

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1 Hovudutval for næring og kultur tek orienteringa til vitande

Vedlegg:

-

Andre relevante dokument i saka:

Saksutgreiinga for HNK i sak 17/19

SAKSFRAMSTILLING

Orienteringssak. Innovasjonsnettverk i Sogn og Fjordane

1 Bakgrunn

I HPN sak 17/19 om «fellestiltak innovasjonsnettverk» gjorde hovudutvalet slikt vedtak:

1. Det vert løyvd kr 1 630 000 til finansiering av prosjektet Innovasjonsnettverk i distriktssamfunn for perioden 1/7 2019 – 30/6 2021.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere dei avsette midlane.
3. Fylkesdirektøren kjem attende til utvalet med ei orientering om bruken av løyvinga til hub-node prosjektet, eller ei sak om omdisponering av løyvinga om det viser seg at løyvde midlar ikkje blir nytta.
4. Midlane vert dekkja med disponible restmidlar frå tidlegare år.

Føremålet med denne saka er å orientere om bruken av løyvinga til det såkalla hub-node prosjektet; ref vedtaket punkt 3

2 Omgrepet hub-node

Essensen i omgrepet er at eit ikkje-komplett innovasjonsnettverk i Sogn og Fjordane og/eller Hordaland (ein node) ønskjer å knytte seg opp mot ei sterk, meir komplett og moga næringsklynge (ein hub).

Ein hub (komplett klynge) er ideelt sett eit næringsmiljø der det er tette koplingar mellom

- Verkemiddelapparatet
- Bedrifter
- Forskingsmiljø
- Investormiljø
- Entreprenørielle miljø

I Sogn og Fjordane har hydrogenklynga med administrasjon i Florø teke mål av seg til å bli ei komplett klynge. Dette gjer dei ved å ta ein posisjon i utvikling av ei verdikjede (til skilnad frå klynger som er basert på at alle elementa i klynga ligg geografisk nær kvarandre).

I ei anna sak til dette møtet (1/10 2019) vil det gå fram at også materialteknologimiljøet i Gloppen har ambisjonar om klyngestatus.

Innovasjon Norge ved Klyngeprogrammet ønskjer ikkje mange norske klynger, så for dei fleste miljøa i fylket er det – om mogeleg – mest aktuelt å knytte seg opp mot mogne klynger som ein node.

I katapultprogrammet til SIVA (oppbygging av infrastruktur for test og demonstrasjon) har nasjonale styresmakter signalisert at dei ønskjer få katapultar. Også i satsinga norske katapultar vert det derfor naturleg å arbeide med samarbeidsavtalar for å dele på utstyr som trass alt finst også utanom formelle katapultar; dvs hub-node samarbeid.

Heilt attende til prosjektet «Eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane» i 2010/2011 var rådet til verksemder og næringsmiljø i fylket å knytte seg opp mot andre miljø. Det kan synest som om denne tankegangen no slår rot.

3 Status

Både Innovasjon Norge v/ Klyngeprogrammet og SIVA v/ Katapultprogrammet signaliserer positiv interesse for å utvikle hub-node samarbeid med Sogn og Fjordane. Vi opplever at denne tenkinga også er godt motteken i Hordaland som er sete både for klynger og katapultar.

Fylkeskommunen har oversikt over kandidatar som representerer innovasjonsnettverk på tvers av bransjar.

Innovasjonsnettverk i Sogn og Fjordane på tvers av bransjar.

(Reine bransjenettverk ikkje vurderte)

Innovasjonsnettverk	Status
Måløy Marine ressurscenter	Måløy Vekst er orientert av SFFK
Teknopollen (Slepetanken)	Har kontakta SFFK. Har vore kontakta av IN. Initiativet ligg lokalt
Måløy Maritime Group,	Måløy Vekst er orientert av SFFK
Materialteknologi, Gloppen	Har gjennomført «tidlegfase nettverk» i Klyngeprogrammet i 2019. Ønskjer klyngestatus
Fjordane Virtuelle Campus	SFFK har finansiert større utviklingsprosjekt – løyving 2019 Rolle for NH er antyda
Green Innovation Network	Tilbodet «tidlegfase nettverk» frå innovasjon Norge er gjennomført i 2019. Vidareføring ikkje avklara
Tech Hub / Stryn Næringshage	Er orientert gjennom deltaking i prosjektet P-IRIS

Hub for Ocean / Hydrogenklynga	Arena Status. Node til GCE Ocean Technology. Arbeider med europeisk samarbeid; tilknytning til RIS3 Hydrogen Valley og RIS3 Marine Renewable Energy
Tech Yard Campus Førde Verftet	Ønskjer inngå avtalar med ulike katapultar Fylkeskommunal finansiering av teknologicampusdelen
Campus Sogndal Inkubator / SFNH	Er orientert gjennom deltaking i prosjektet P-IRIS. Nettverk internt i næringshagen; t.d. industrinettverk
Årdal SITEP	Node til Katapult Manufacturing Technology Fylkeskommunal delfinansiering av SITEP
Sløvåg/Skipavik miljøet / GMU/GMNH	Ikkje eige initiativ om deltaking i klyngeprogrammet. Nokre bedrifter er medlem i Hub for Ocean og GCE Ocean Tech.
Aqua Hub Hyllestad	Er interessert i å gjennomføre «tidlegfase nettverk» i Klyngeprogrammet

Kandidatane vi arbeide vidare med om hub-node samarbeid er så langt:

Miljø	Merknad
Teknopollen (Slepetanken)	Miljøet kan vere aktuell både i å vere node til ulike maritime klynger og til å inngå samarbeid med test og demonstrasjonscenter (katapultar)
Fjordane Virtuelle Campus / GIN-nettverket	Miljøet kan vere aktuell både i å vere node til ei klynge (t.d. Nordic Edge) og til å inngå samarbeid med test og demonstrasjonscenter (katapultar)
Aqua Hub, Hyllestad	Miljøet har med underleverandør(ar) til oppdrettsnæringa og kan vere aktuell i nodestatus i høve klynga Seafood Innovation
Tech Yard / Campus Førde Verftet	Miljøet er allsidig og kan vere kandidat til samarbeid med fleire katapultar
For oversikts skuld nemner vi også miljø som har formelt samarbeid på plass:	
SITEP i Årdal	Miljøet har alt formalisert samarbeid med katapulten på Raufoss
Hub For Ocean, Florø	Miljøet har alt formalisert samarbeid som node til klynga Ocean Technology

Vilkår for vidare samarbeid er at kandidatane presenterer gode planar som grunnlag for samarbeid.

Status for aktørane på nasjonalt nivå:

- SIVA har midlar til hub-node pilotar. Dei ønskjer å vurdere samarbeid med Sogn og Fjordane
- Klyngeprogrammet avklarar for tida om neste utlysning skal innehalde hub-node samarbeid.
- Både IN v/ Klyngeprogrammet og SIVA signaliserer positiv interesse; dvs at innovative distriktmiljø bør knytast betre til programma.

4 Konklusjon

Midlane HNK sette av til hub-node samarbeid i HNK-sak 17/19 (kr 1.000.000) har så langt stått ubrukne, men vore nytta aktivt for å syne både Innovasjon Norge v/ Klyngeprogrammet og SIVA at fylkeskommunen verkeleg ønskjer samarbeid om pilotar der innovasjonsmiljø i distriktssamfunn vert knytte tettare til sterke klyngemiljø. Vi har mobilisert interesse og vi reknar med å lukkast. Midlane vert derfor no løyvde og sett på ein prosjektkonto i samsvar med føringane i sak 17/19.